



GOL KOMMUNE

Arkivsaksnr.: 2024/562-1
Saksbehandler: Hallvor Lilleslett

Forskrift for skulefritidsordninga i Gol kommune - 1. gongs handsaming

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for kultur og levekår	

Innstilling frå kommunedirektøren

Forskrift for skulefritidsordning i Gol kommune blir sendt ut på høyring med seks vekers høyringsfrist

Saksdokument

Opplæringslova § 4–5. Skulefritidsordninga.

Forskrift for skulefritidsordninga i Gol kommune frå 01.08.2024.

Vedlegg:

- 1 Forskrift høyringsutkast SKULEFRITIDSORDNING I GOL KOMMUNE FOM 1.8.2024

Saksopplysningar

Den nye opplæringslova krev kommunen skal gi forskrift om skulefritidsordninga innan 1. august 2024.

Gol kommunestyre bad i budsjettmøtet i desember 2023 administrasjonen om å utarbeide justerte retningsliner for SFO. Det arbeidet vart sett på vent i og med at ein venta på forskriftene i den nye opplæringslova. No, 18. februar er høyringsfristen ute, og departementet forventar at kommunane innan 1. august 2024 skal ha på plass lokale forskrifter for skulefritidsordninga.

Drift av kommunale skulefritidsordningar er heimla i Opplæringslova § 4–5. som fastslår at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.–4. årstrinn og for barn med særskilde behov på 1.–7. årstrinn.

Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Frå 1. august 2023 er det vedteke at elevar på første og andre trinn skal ha tilbod om 12 timar gratis SFO. Dette gjeld òg for eventuelt sommarope tilbod. Det er kome sentrale politiske føringar på at dette tilbodet skal utvidast til òg å gjelde 3. trinn frå august 2024.

Retningslinene er gjort om til forskrift og handsama i tråd med dette. M.a. skal forskriftene ut på høyring med minst seks veker høyringsfrist. Det er gjort mindre endringar i retningslinene, for å tilpasse retningslinene til ny Opplæringslov, og innhald og rekkefølge er tilpassa ny opplæringslov.

Forskrifta skal ha reglar om

- eigarforhold
- kven som er opptaksmyndigheit
- opptakskriterium
- opptaksperiode og oppseiingsperiode
- foreldrebetaling
- leike- og opphaldsareal
- dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- personale og leiging

I Gol kommune sine gamle retningsliner var det også bestemmelsar om desse punkta. I tillegg var det følgjande bestemmelsar:

- føremål
- budsjett
- rammeplan
- organ for brukarmedverknad
- skyss
- fråvære
- teieplikt
- endringar i retningslinene

Desse punkta er vidareført i Forskrifta.

I og med at dette er ei forskrift, skal saka også til ny handsaming etter at framlegget har ligge ute til offentleg høyring. Skal ein rekkje dette innanfor dei fristane departementet gir, må vi leggje til grunn denne saksgangen:

UKL 20. mars.

Høyringsfrist 2. mai

Neste saksfrist 13. mai

UKL 29. mai

Kommunestyret 11. juni

Overordna plan

Økonomiske konsekvensar

SFO- tilbodet skal finansierast innanfor eige budsjett. Kommunane er kompenserte for meirkostnaden i rammeoverføringa. Det er teke omsyn til dette under utarbeidinga av SFO-budsjett og økonomiplan.

Miljøkonsekvensar

Vurdering

Departementet kan gi forskrift om gratis skolefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skolefritidsordninga.

Forskriftene er difor utarbeidd slik at dei kan ta høgde for eventuelle endringar i opplæringslova sine forskrifter.

Gol 26.2.2024

Hallvor Lilleslett, kommunalsjef